

BKK AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Vår dato: 09.04.2025

Vår ref.: 202406884-8 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: Detaljplan 132 kV kraftleidning Granvin – Bu v. 3

NVE godkjenner BKK AS detaljplan for 132 kV kraftleidning Granvin - Bu

Vedtak og vilkår

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknaden frå dykk om godkjenning av detaljplan for ein ny 132 kV kraftleidning Granvin - Bu.¹ NVE godkjenner detaljplanen datert 31. mars 2025 for å byggje, drifte og halde ved like 132 kV kraftleidning Granvin – Bu i Voss herad, Ulvik herad og Eidfjord kommune i Vestland fylke. Godkjenninga har heimel i oppdatert anleggskonsesjonen datert 4. april 2025 post nr. 15.²

Det er dykkars ansvar at detaljplanen er i samsvar med vilkår og føresetnader gitt i konsesjonen, og at anleggsarbeidet blir gjennomført slik det er beskrive i detaljplanen. Detaljplanen finst på NVEs nettsider: www.nve.no/19306/a.

De kan ikkje fråvike detaljplanen utan avklaring frå NVE. Dersom den vidare planlegginga og gjennomføringa viser at andre løysingar enn dei som er beskrivne i detaljplanen kan redusere ulempene utbygginga medfører, ber vi dykk om å ta kontakt med oss slik at vi kan behandle endringa(e).

Godkjenninga blir gitt på følgjande vilkår:

Før anleggsperioden

- De skal orientere NVE, ramma kommunar, grunneigarar og rettshavarar om datoen for oppstart før anleggsarbeidet startar.
- De skal gjere entreprenørar og eventuelle underentreprenørar, konsulentar og andre som planlegg og byggjer anlegget på vegner av konsesjonær kjend med detaljplanen og dette vedtaket.

¹ NVE-ref.: 202406884-18.

² NVE-ref.: 202404830-34.



Underveis i anleggsarbeidet

- NVE kan seinare stille krav om at de detaljerer prosjektet ytterlegare og dokumenterer bygging, drift og vedlikehald ved heile eller delar av anlegget, og at slik dokumentasjon skal godkjennast av NVE før arbeidet blir sett i gang.
- De skal til kvar tid ha oppdaterte kart som kan leggjast fram for NVE om vi ber om det.

Etter anleggsarbeidet

- De skal gjennomføre ei forsvarleg opprydding og istandsetjing av anleggsområda innan to år etter at anlegget er sett i drift.

Generelt

- Om de avdekkjer uønskte hendingar som har skadd eller kan skade miljøet stort, skal de rapportere det til NVE. Opplys om kva tiltak som er eller vil bli sett i verk for å rette opp skadar og hinder gjentakningar.

Moglegheit til å klage

Vedtaket kan klagast på. Se informasjon om retten til å klage på siste side.

De skal orientere grunneigarar og rettshavarar

Vi ber dykk om å sende vedlagde orienteringsbrev til ramma grunneigarar og rettshavarar så snart som mogleg. Dette vedtaket skal leggjast ved orienteringsbrevet. NVE ber de sende ei stadfesting på at orientering er send til nve@nve.no.

Forhold BKK må vere merksam på

De må ha eit internkontrollsystem (IK-energi)

De må ha eit internkontrollsystem for energianlegg.³ NVE føreset at dette er på plass, og at de praktiserer internkontroll. Vi viser til NVE si «Rettleiar til internkontroll for krav til miljø og landskap for energianlegg».⁴

Forholdet til plan- og bygningslova

Sidan anlegget har konsesjon etter energilova, gjeld ikkje plan- og bygningslova.⁵ Det betyr at de ikkje treng å søkje dispensasjon frå gjeldande kommunale arealplanar eller kommunal byggjesaksbehandling.

NVE ber om å bli orientert dersom område som er godkjende til mellombels arealbruk i NVE si løyve, blir omgjord til permanent arealbruk i medhald av andre lovverk. NVE ønskjer å få kopi av søknader og eventuelle løyve.

³ [Energilovforskriften § 3-7](#) (forskrift 7. desember 1990 nr. 959 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.).

⁴ [NVE Rettleier Nr. 8/2018 Rettleier til internkontroll for krav til miljø og landskap for energianlegg](#).

⁵ [Plan- og bygningsloven § 1-3](#) (lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggjesaksbehandling).



Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kommunen kartdata i eigna kartformat med alle fysiske anlegg, slik at det offentlege kartverket kan oppdaterast. Kravet står i byggjesaksforskrifta (SAK 10).⁶

Anlegget er omfatta av kraftberedskapsforskrifta

Anlegget er omfatta av kraftberedskapsforskrifta.⁷ NVE har i denne godkjenninga ikkje vurdert om tiltaket tilfredsstiller krava i forskrifta.

Løyver de treng etter andre lovverk

I tillegg til denne godkjenninga av detaljplanen må de sørge for å skaffe dykk nødvendige privatrettslege rettar før anleggsarbeida startar.

De er også ansvarleg for å innhente nødvendige løyve etter andre lovverk.

Bakgrunn

BKK sendte 4. mars 2024 en konsesjonssøknad og detaljplan for ein 132 kV kraftleidning mellom Granvin og Bu til NVE. Kraftleidningen skal erstatte den nåverande 66 kV kraftleidning på same strekning som er i svært dårleg stand og derfor må utkoplast i vinterperiodar. Det er eit behov for å gjere tiltak i nettet for å halde oppe og forbedre forsyningstryggleiken, og dessutan leggje til rette for auka forbruk og produksjon.

NVE sendte konsesjonssøknaden og detaljplanen på felles høyring 23. juli 2024 – 8. september 2024.⁸


Den 20. desember 2024 fekk dykk konsesjon frå NVE for å byggje den ca. 9,5 kilometer lange 132 kV kraftleidningen frå Granvin transformatorstasjon i Voss herad til Bu transformatorstasjon i Eidfjord kommune. Den ca. 0,6 kilometer strekning frå Granvin transformatorstasjon til ny kabelendemast ved Tveitovegen skal leggest som jordkabel. Den ca. 7 kilometer lang kraftleidningen frå ny kabelendemast ved Tveitovegen til fjordspennbukkene ved Vallavik skal erstatte den eksisterande kraftleidningen.

Dykk oppdatera detaljplanen med bakgrunn i høyringsutsegnene og sendte inn ny versjon til NVE 31. mars 2025. Den 4. april 2025 fekk dykk ein oppdatert konsesjon frå NVE sidan anleggskonsesjonen av 20. desember 2024 hadde en feil.

⁶ [Byggjesaksforskrifta \(SAK 10\) § 4-3](#) siste ledd (forskrift 26. mars 2010 nr. 488 om byggjesak).

⁷ [Kraftberedskapsforskrifta](#) (forskrift 7. desember 2012 nr. 1157 om tryggleik og beredskap i kraftforsyninga).

⁸ NVE-ref.: 202404830-12.



Figur 1: Detaljplankart for 132kV Granvin – Bu (Kjelde: BKKs i detaljplan vedlegg 1).



Høyring og innkomne utsegner

Detaljplanen har vore på høyring

I anleggskonsesjonen er det i vilkår nr. 15 mellom anna sett krav om at BKK skal utarbeide planen i kontakt med ramma kommunar, grunneigar og andre rettshavarar. I detaljplanen er det opplyst at kommunar, grunneigarar og rettshavarar er involverte gjennom e-post/brev, møte eller telefonsamtalar.

NVE sendte konsesjonssøknaden og detaljplanen for 132 kV kraftleidning frå Granvin – Bu på felles høyring 23. juli 2024 – 8. september 2024.⁹

Nedanfor finnar de ei liste over høyringsfråsegnene. De fullstendige fråsegn og kommentarane er tilgjengelege gjennom www.einnsyn.no.

Kven	Dato	NVE ref.
J. Kjerland	09. juli 2024	202404830-11
M. Hamre	11. juli 2024	202404830-13
R. Sleire	30. august 2024	202404830-16
Statens Vegvesen	04. september 2024	202404830-17
Vilreinnemda for Hardangaviddaområdet	06. september 2024	202404830-18
L. B. Røystrand	08. september 2024	202404830-19
T. Kjerland Liening	08. september 2024	202404830-20
Vestland Fylkeskommune	24. september 2024	202404830-23
BKK - Kommentar til høyringsinnspela	30. september 2024	202404830-24
Statsforvaltaren i Vestland	03. oktober 2024	202404830-25
Hågane Vassverk	27. februar 2025	202406884-17
Mattilsynet	03. mars 2025	202406884-17
BKK- Kommentar til Mattilsynets uttale	03. mars 2025	202406884-17

⁹ NVE-ref.: 202404830-12.



NVEs vurderingar av detaljplanen

Kva vurderer NVE?

Formålet med ein detaljplan er å sikre at konsesjonær tek omsyn til miljø og landskap når anlegget blir bygd og drifta. I behandlinga vår vurderer og kommenterer vi tema og forhold der dykk eller høyringspartar ønskjer avklaring frå NVE. Forhold som NVE meiner er beskriven på ein god måte i detaljplanen, og som det ikkje har komme innspel til i høyringa, blir ikkje vurdert nærare av NVE. NVE viser til at dei fleste høyringsinnspela gjeld konsesjonssøknaden, og dei er derfor kommentert og vurdert i NVEs notat «Bakgrunn for vedtak 132 kV kraftledning Granvin-Bu» av 20. desember 2024.¹⁰

I behandlinga vår kontrollerer vi også at detaljplanen oppfyller aktuelle vilkår i konsesjonen. NVE konkluderer med at vilkår nr. 12, 14 og 15 kulepunkt 4 i konsesjonen er oppfylt, og har derfor ikkje kommentert disse nærmare.

Nedanfor presenterer vi først våre vurderingar knytte til detaljplanlegginga av arealbruk. Deretter vurderer vi mildnande tiltak i anleggs- og/eller driftsperioden, før vi til slutt drøftar andre tema.

Detaljplanlegging av arealbruk

Arrondering og istandsetjing

Når eit areal blir opparbeidd, meiner NVE at det er viktig å rydde vegetasjon, mellomagre massar i ranger og separere massefraksjonar for å lykkast med arrondering og istandsetjing. For å klare å halde toppmassane skilt frå resten av massane, oppmodar vi dykk til å saman med entreprenøren finne ei løysing på korleis toppmassane kan mellomlagrast, slik at det blir mindre sannsynleg at desse blandar seg med andre massar.

I samband med arrondering og istandsetjing er det viktig å få til overgangar som er så like terrenget rundt som mogleg. Vi viser til «NVEs rettleiar for terrengbehandling ved bygging av vassdrags- og energianlegg».¹¹ Rettleiaren seier mellom anna at fyllinger skal settast med finare massar under toppmassane, slik at toppmassane ikkje blir vaska ned i hol mellom sprengstein ved styrtregn. Toppmassane bør ikkje klappast, men leggjast rufsete tilbake for å leggje til rette for naturleg revegetering.

I samband med arbeidet med terrengbehandling, er det særleg viktig at entreprenør blir gjort kjent med prinsippa i rettleiaren.

NVE setter krav om at dykk skal gjennomføre ei forsvarleg opprydding og istandsetjing av anleggsområda, som skal vere ferdig seinast to år etter at anlegget er sett i drift.

¹⁰ NVEs notat «Bakgrunn for vedtak» datert 20. desember 2024, NVE-ref.: 202404830-31.

¹¹ [NVE rettleier Nr.2/2021 Rettleier for terrengbehandling ved bygging av vassdrags- og energianlegg.](#)



Køyrespor

I anleggsperioden vil det vere nødvendig å transportere gravemaskin og anna utstyr ut i terrenget, inn til og langs leidningstraseen. De har rett til å ta seg fram i kraftleidningstraseen innanfor rettsbeltet. I tillegg vil dykk bruke eksisterande vegar og køyrespor fram til rettsbeltet, men det er også behov for noko transport i terrenget utanfor eksisterande køyrespor. Der det ikkje er mogleg å transportere anleggsmaskiner ut i terrenget på eksisterande vegar, vil dykk fly desse inn med helikopter.

De har søkt om korridorar for køyrespor i terrenget, omtalt i kapittel 6.1.7 i detaljplanen. I anleggsfasen blir det ofte nødvendig å justere tidlegare godkjende køyrespor, fordi det er først når anleggsarbeida er i gang, at entreprenøren og dei som jobbar med prosjektet, blir kjent med terrenget. Då er det lettare å vurdere kva trasear som gir minst inngrep og terrengskadar innanfor ein definert korridor, framfor å søkje om å få godkjent spesifikke trasear for køyrespor før anleggsfasen startar. NVE godkjenner derfor dei omsøkte korridorane for køyrespor og føreset at dykk innanfor korridoren bruker det køyresporet som gir færrest mogleg negative verknader i terrenget. Vi legg til grunn at dykk følgjer prinsippa for terrengtransport som dykk har beskrive i detaljplanen.

Dersom det blir nødvendig å justere køyrespor utover de godkjende korridorar, minner vi om at slike endringar skal avklarast med oss. Vi viser til informasjon i rettleiaren vår om «Endring av godkjent detaljplan».¹²

Riggplassar

Riggplassane som dykk planlegg å bruke i anleggsarbeidet, er viste i detaljplankartet og vedlegg 2. Når riggplassane blir opparbeidde og sette i stand, legg NVE til grunn at de følgjer prinsippa i rettleiaren vår for terrengbehandling. Riggplassar er som hovudregel mellombels arealbruk og skal tilbakeførast til det opphavlege etter bruk.

Alle riggplassar med unntak av R07 er plasserte på allereie opparbeidde areal som treng få/ingen tiltak for å kunne takast i bruk. Detaljplanen beskriv moglege prinsipp for opparbeiding av R07. De påpeikar at grada av opparbeidinga av R07 er avhengig av entreprenørs behov og fagkunnskap, men at dykk ønskjer å redusere inngrepet mest mogleg.

NVE understrekar at de ikkje kan ta i bruk meir areal enn beskrive i detaljplan og som angitt på kart. Vidare legg vi til grunn at det særleg blir vist aktsemd mot nærliggjande myrareal.

Riving av eksisterande anlegg

I post nr. 11 til anleggskonsesjonen, er det sett følgjande vilkår:

- *Det skal lages en plan for rivingen av ledningene. Planen skal forelegges NVE før arbeidene igangsettes, og den kan inngå i detaljplanen.*

¹² [NVEs rettleier for endring av godkjent detaljplan.](#)



De skriv i detaljplanen at arbeidet med å rive den gamle 66 kV kraftleidningen vil gå føre seg parallelt med etablering av den nye 132 kV kraftleidningen. Demontering av master og transport av demonterte master, liner og anna materiell vil i hovudsak skje med helikopter. Under dette går det fram kva metode som skal nyttast ved riving av mastene og korleis avfallet skal handterast. De beskriv at jordfundament skal fjernast 20 cm under bakkenivå. På dyrka mark blir fundament fjerna til 70 cm under bakkenivå.

NVE vurderer at detaljplanen på tilfredsstillande vis beskriv korleis rivinga av eksisterande leidningar skal gå føre seg. NVE konkluderer at detaljplanen varetek vilkåret.

Avbøtande tiltak i anleggs- og/eller i driftsperioden

Naturmangfald

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfoldloven §§ 8 til 12 er vurderte i konsesjonsbehandlinga i NVEs notat «Bakgrunn for vedtak» av 20. desember 2024.¹³. Vi meiner vurderingane av naturmangfald i detaljplanen byggjer på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag, og vi meiner vurderingane er tilstrekkeleg konkrete og dekkjande for tiltaket.

Villrein

I post nr. 13 og 15 i konsesjonen er det sett følgande vilkår:

- *For de delene av ledningen som berører Oksenhalvøya villreinområde gjelder følgende begrensninger for bygging og vedlikehold:*
 - *Anleggsperioden skal begrenses til juli–november for å minimere forstyrrelse for villrein.*
- *Detaljplanen skal utarbeides i samråd med Villreinnemda for Hardangervidda og villreinutvalget. Hvordan prosessen med involvering har vært, skal beskrives i detaljplan.*
- *Det skal beskrives hvordan anleggsarbeidet skal tilpasses for å minimere forstyrrelse for villrein.*

De skriv i detaljplanen at dei har involvert både Villreinnemda og villreinutvalet i detaljprosjekteringa. Dei restriksjonane som er innarbeidde i detaljplanen, er i samsvar med det som er avtalt med villreinutvalet. De vil varsle villreinutvalet før anleggsarbeidet startar opp og før støyande aktivitetar i villreinområdet blir sett i verk.

Vidare skriv dykk at anleggsarbeid, som flyging med helikopter eller dronar, ikkje skal førekomme innanfor restriksjonsområda for villrein i perioden frå 1. desember til 15. juni. Frå 16. juni til 30. november skal helikopterflyging og droneflyging berre gå føre seg innanfor den avsette korridoren, som teikna inn på detaljplankartet. Anleggsarbeidet skal

¹³ NVEs notat «Bakgrunn for vedtak» datert 20. desember 2024, NVE-ref.: 202404830-31.



stansast ved konkrete observasjonar av villrein i korridoren. Arbeidet kan takast opp att når villreinen har forlate korridoren. Villreinutvalet avgjer i kvart enkelt tilfelle kor stor avstand det skal vere frå villrein som er innanfor korridoren til anleggsarbeid. De vil melde observasjonar av reinsdyr, anten dei er i korridoren eller utanfor, fortløpande til villreinutvalet.

Vi minner om at dersom det er behov for å utvide anleggsperioden ut over dette, må dette skje etter avtale med Villreinnemda og villreinutvalet. Eventuelle utvidingar av anleggsperioden skal varslast til NVE. NVE konkluderer at detaljplanen varetek vilkåra.

Framande artar

I post nr. 15 i konsesjonen er det sett følgande vilkår:

- *Som en del av detaljplanen skal det gjennomføres kartlegging av områder som berøres av anleggsarbeider, der det kan være høy risiko for spredning av fremmede arter. Det skal beskrives hvordan anleggsarbeidet skal gjennomføres for å hindre spredning av fremmede arter. Miljødirektoratets rapport «Håndtering av løsmasser med fremmede skadelige plantearter og forsvarlig kompostering av planteavfall med fremmede skadelige plantearter» skal legges til grunn for beskrivelsen.*

COWI AS har på vegne av BKK gjennomført ei kartlegging av framande artar i tiltaksområdet i mai 2024. De opplyser at det ikkje er funne andre artar enn raudhyll, som krev tiltak og som ligg innanfor tiltaksområdet. Massane her vil omdisponerast på staden eller leverast til godkjent komposteringsmottak eller forbrenning. Vidare opplyser dykk at grunneigar tok kontakt med dykk og informerte at det finst førekomstar av kjempespringfrø i låglandet ved Hyrpo. I detaljplanen skriv dykk at det i kartlegginga utført i mai 2024 ikkje vart funne kjempespringfrø i inngrepsområdet, men fordi dette er ein plante som spreier seg raskt, skal ein naturkartleggar synfare inngrepsområdet i låglandet på nytt kort tid før anleggsarbeidet startar. De skriv vidare i detaljplanen at dei vil følge tiltaka beskrivne i kartleggingsrapporten frå COWI som tek utgangspunkt i Miljødirektoratets rapport¹⁴.

Vi legg til grunn at dykk følgjer tiltaka beskriven i kartleggingsrapporten og at dykk gjennomfører nødvendige tiltak for å hindre at framande artar blir spreidde, i samsvar med forskrift om framande organismar § 24.

NVE konkluderer at detaljplanen varetek vilkåret.

Trasérydding

I post nr. 10 i konsesjonen er det sett vilkår om trasérydding:

- *For å dempe direkte innsyn til kraftledningstraseen og ivareta hensynet til naturmangfoldet skal skogrydding begrenses så langt det vurderes som hensiktsmessig. Gjensetting av vegetasjon bør prioriteres på de strekningene hvor traseen krysser viktige naturtyper, der det er satt vilkår om kamuflerende tiltak og i*

¹⁴[Handtering av lausmassar med framande skadelege plantearter og forsvarleg kompostering av planteavfall](#)



krysningspunkter med vei og merkede turstier. Gjennomføring av skogrydding skal omtales i detaljplanen.

NVE viser til kapittel 6.1.10 i detaljplanen, der prinsipp for skogrydding er omtalte.

NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkåret i tilstrekkeleg grad. NVE ventar at de inkluderer prinsippet om avgrensa skogrydding i internkontrollsystemet dykkar, slik at temaet også blir vareteke i driftsfasen for kraftleidningen.

Drikkevatn

De informere NVE i brev datert 25. februar 2025 at ein grunneigar tok kontakt med dykk og informerte at elva Hyrpo har inntak for drikkevatn 50 meter ovanfor Hyrpefossen. De har med bakgrunn i informasjonen fastsett egne særlege vilkår i detaljplanen for lagring og handtering av drivstoff, andre oljeprodukt og kjemikaliar for å verne vassforsyninga. Dette gjeld spesielt riggområde R06 som ligg tett opp mot elva. De har etterfølgjande bede Hågane Vassverk og Mattilsynet om ei fråsegn til detaljplanen med bakgrunn i drikkevassforsyninga.

Hågane Vassverk skriv at dei er godt tilfredse med BKKs tiltak for å redusere/hinder utslepp til drikkevasskjelde og at dei elles ikkje har nokon merknader til planen.

Mattilsynet skriv at det er vassverkseigar som er ansvarleg for å gjere ei farevurdering av vassforsyninga, og som må sikre at drikkevatnet blir verna mot forureining. Med bakgrunn i uttalen frå Hågane Vassverk vurderer Mattilsynet at vassforsyninga er vareteken, og at planlagde tiltak kan gjennomførast med dei tiltaka som er fastsett. Mattilsynet foreslår likevel at BKK som eit ekstra tiltak etablerer eit prøvetakingsregime for aktuelle parametrar både før, under og etter tiltaksperioden. Dette for å kunne overvake og dokumentere eventuell påverking og endring i drikkevasskvaliteten.

De skriv at det kan vere vanskeleg å påvise kva utslag på eksempelvis farge og turbiditet som kan knytast til BKKs tiltak og kva for nokre av dei som kan knytast til naturlege sesongvariasjonar, utan prøver som viser normalsituasjonen for alle sesongar (typisk flaum om hausten vil påverke vasskvaliteten).

NVE er samd i dykkars vurdering, og legg til grunn at de held ein god dialog med Hågane Vassverk gjennom anleggsfasen.

Med helsing

Christian Achilleas Dybro Karkalatos
Avdelingsingeniør

Godkjent av Matilde Anker
Seniorrådgiver



Anne Johanne Kråkenes
Seksjonssjef

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

BKK AS

Kopimottakarliste:

EIDFJORD KOMMUNE

ULVIK HERAD

BKK AS - PER IVAR TAUTRA

Mattilsynet

Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet

Grunneigarar/rettshavarar

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

VOSS HERAD

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 4 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.